

# Musikkterapi, rusmiddelavhengighet og ADHD: Foreløpige resultater fra en kvalitativ studie

(F) Presentasjon av forskning

## Foredragshaldar

Steinar Hjelmbrække, musikkterapeut ved Avdeling for rusmedisin, seksjon poliklinikk Kanalvegen, Helse Bergen, [steinar.hjelmbrække@helse-bergen.no](mailto:steinar.hjelmbrække@helse-bergen.no)

Claire Ghetti, førsteamanuensis ved Griegakademiets senter for musikkterapi forskning, Universitetet i Bergen

## Samandrag

Mellom 2017 og 2020 gjennomførte tidlegare Bergensklinikken og Avdeling for rusmedisin, med prosjektmidlar frå Polyfon, eit forskingsprosjekt på kombinasjonen musikkterapi, rusmiddelavhengighet og ADHD. Det vart i perioden gjennomført kvalitative intervju med 8 pasientar som hadde diagnosen ADHD i tillegg til å ha delteke i musikkterapien. Målet var å avdekke informantane sine opplevingar av musikkterapien, og om desse opplevingane på nokon måte påverka deira utfordringar knytt til ADHD. Det var også eit mål å avdekke om deltaking i musikkterapien hadde innverknad på informanten sin tilfriskingsprosess. Resultata viser at alle informantane har hatt positivt utbytte av musikkterapi, men på mange ulike måtar. Datamaterialet vart analysert ved hjelp av tematisk analyse, og primært med ei induktiv tilnærming.

Analyseprosessen avdekkar ulike tema, som deretter vart sett inn i kategoriar ut frå fellestrekk i tema. Kategoriane har fått metaforiske namn knytt til dei ulike elementa ved bilkøyring: «Fylle bensin på tanken», «kjenne at motoren går», «trakke på gassen», «drivaksling» og «hjula byrjer å rulle». Vidare ser ein desse kategoriane i lys av tretrinnsmodellen for musikkterapi. Studien inkluderer relativt få informantar. Desse var i tillegg i ulike fasar av behandlinga, hadde ulik grad av symptomtrykk og ulik grad av medisinsk behandling. Ein ser difor ikkje grunnlag for å trekke generaliserbare konklusjonar for målgruppa basert på denne studien. I staden står studien att som eit bidrag til korleis ein kan tenkje systematisk og konkret rundt det å tilby musikkterapi for personar med rusmiddelavhengighet, der personar med ADHD er ein signifikant del av pasientpopulasjonen.

## Referansar

Dale, R. (2019). «Jeg tenker at musikkterapi er å mestre.» Evaluering av musikkterapi ved Bergensklinikken. (Rapport 2019). Bergen: Kompetansesenter rus vest Bergen.

Lossius, K. (2011). *Håndbok i rusbehandling. Til pasienter med moderat til alvorlig rusmiddelavhengighet*. Gyldendal Akademisk.

Løvaas, E.K. & Dahl, T. (2013). *Rusmiddelbruk og ADHD* (1. utg). Oslo: Gyldendal akademisk

Nilsen, V.R. (1996). Musikk i fengsel og frihet. *Nordisk Tidsskrift for Musikkterapi*, 1996, 5 (2), s 111-116 <https://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/08098139609477879>

Tuastad, L. Johansen, B. & Østerholt, A.L. (2018). *Bruker spør bruker. Evaluering av prosjektet MOT82*. Rapport, Helse Bergen.